# Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 3 - juni 2014 46. årg.





**Joakim i Tanzania**
side 4



**Møt Brobyggerne**
side 11



**Fra syv til syv i Kampala**
side 28



**Sommar i kyrkjene på Jæren**
side 16

## Bryne - Time - Undheim sokn

**Kyrkjekontoret** tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne
heimeside: http://www.time-kyrkja.no
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no

| | |
|---|---|
| telefaks | tlf. 51 77 03 60 |
| Prost: Kjell Børge Tjemsland | tlf. 416 38 048 |
| Kateket: Ingfrid Time Nærland | tlf. 970 99 661 |
| Diakon: Marit Høie Hetland | tlf. 911 63 039 |
| Diakon: Ingelin H Norbakken | tlf. 48 19 03 18 |
| Sekretær Bryne sokneråd: | |
| Elisabeth Obrestad | tlf. 51 77 03 64 |
| Sekretær Time sokneråd: | |
| Elisabeth Obrestad | tlf. 51 77 03 64 |
| Sekretær Undheim sokneråd: | |
| Hanne Brit Sandsmark | tlf. 996 26 157 |
| Sekretær: Kari W. Ødegaard | tlf. 51 77 03 77 |
| Sekretær: Siri Vik | tlf. 51 77 03 76 |
| Kyrkjeverje: Olav Vegard Søyland | tlf. 51 77 03 69 |
| Konsulent: Tor Aase | tlf. 51 77 03 63 |

**Time**

| | |
|---|---|
| Sokneprest: Gunnar Frøyland | tlf. 958 73 847 |
| Organist: Oddny Underhaug | tlf. 900 11 178 |
| Trusopplærar: Astrid Wold | tlf. 458 61 233 |
| Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande | tlf. |
| Kyrkjetenar helg: Tom Carlos Slettebø | tlf. 977 46 283 |
| Soknerådsleiar: Karin Lima Friestad | tlf. 900 21 635 |
| Klokkar: Sofie Braut | tlf. 986 55 128 |
| Time kyrkjegard | tlf. 51 48 32 84 |

**Bryne**

Heimeside http://www.brynekyrkja.no

| | |
|---|---|
| Sokneprest Stein Ødegård | tlf. 911 57 105 |
| Organist: Per Olav Egeland | tlf. 900 18 708 |
| Klokkar: Leif Andenes | tlf. 909 93 176 |
| Soknerådsleiar: Ruth Stabel Berg | tlf. 938 31 623 |
| Kyrkjelydutviklar: Bjørn Inge Hauge | tlf. 51 77 03 62 |
| Ungdomspastor: Johannes Kleppe | tlf. 951 42 602 |
| Trusopplærar: Tove Hersdal | tlf. 51 77 03 72 |
| Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande | tlf. 48 10 70 62 |
| Kyrkjetenar helg: Gerd Åshild Ueland | tlf. 414 66 321 |

**Lye forsamlingshus**

Heimeside http://www.lyeforsamlingshus.no

| | |
|---|---|
| Sokneprest: Gunnar Frøyland | tlf. 958 73 847 |
| Leiar forsamlingsstyret: Arne Heggheim | tlf. 900 34 326 |
| Administrator Lye: Sigurd Idland | tlf. 466 98 050 |
| Ungd.arbeid. Lye: Mariann Espeland | tlf. 915 91 223 |

**Undheim**

Heimeside http://www.undheimkyrkja.no

| | |
|---|---|
| Sokneprest: Per Børge Hillestad | tlf. 934 42 919 |
| Trusopplærar: Astrid Wold | tlf. 458 61 233 |
| Kyrkjetenar: Hans Undheim | tlf. 900 37 560 |
| Soknerådsleiar: | |
| Kåre Sigurd Undheim | tlf. 51 48 43 07 |
| **Undheim kyrkje** | tlf. 51 48 68 20 |

Besøk vår nettside:
**www.time-kyrkja.no**
E-post sokneråda:
Time sokneråd: time.sokneråd@time-kyrkja.no
Bryne sokneråd: bryne.sokneråd@time-kyrkja.no
Undheim sokneråd: undheim.sokneråd@time-kyrkja.no

# Til ettertanke


Gunnar Frøyland

## Det tørre grønkar

Me har ei lilje heime. Den har eit hardt liv. Om vinteren fyrer me, og gradene stig. Om sommaren skin sola på lilja time etter time. Det går som det må. Gong på gong dett lilja saman. Blada heng nedover potta. Eg tenkjer: No er det slutt. Den kjem seg aldri meir. Og gong på gong skjer underet. Me vatnar, og lilja reiser seg frodig og grøn.

Denne lilja kan vere eit bilete på våre kristenliv. Gjennom kvardagen sine påkjenningar og strev tørkar kristenlivet ut. Me har så mykje å gjera. Så mange og så mykje krev tida vår.
Me gløymer Gud. Me gløymer å vatna trua. Me mister Jesus av syne i alt det viktige. Bøna teier, og bibelordet blir taust for oss. Trua heng som ei uttørka lilje. Då kjem løftet frå Jesus til oss. Om de bed meg, vil eg gje dykk levande vatn (Joh.4,10). Jesus sa: Den som tørstar, skal koma til meg og drikka.(Joh. 7,47) Jesus vil gi livsrøtene våre livgjevande vatn.
I Hosea 14,5ff seier Herren: «Eg vil lækja deira fråfall, og eg vil elska dei av hjartet, for min vreide har vendt seg frå dei. Eg vil vera som dogg for Israel. Han skal bløma som ei lilje og røta seg som trea på Libanon og breia greinene utover.»

Det er dette me syng om :

*Å kor djup er Herrens nåde*
*som eit hav, så djup og vid!*
*Å kor kjærleg er hans rettferd,*
*som kan meir enn gjere fri!*
*Det er ingen som kan kjenne*
*våre sorger slik som Gud,*
*ingen domar som så venleg*
*slettar brot og synder ut.*

*Det er rikeleg forløysing*
*i vår Jesu dyre kross.*
*Det er song og evig glede*
*i det blod som rann for oss.*
*Og vart hjarta fylt av kjærleik*
*ved vår tru på ordet hans,*
*då vart livet til ein stråle*
*av Guds herlegdom og glans.*

Ikkje noka tru er så vissen og tørr at Jesus ikkje kan gje den nytt liv. Han elskar deg av hjartet, så høgt at han gav livet sitt til soning for syndene dine.

*Gunnar Frøyland*

# Min Sang

### Ungdommens Frelser!

*Ungdommens Frelser! Hør oss når vi beder:*
*Let etter dem som ennå selv ei leter!*
*Døvet av verdens larm og lyst og pine*
*er de dog dine, er de dog dine!*

*Og når du hører sjelens sukk, det stille,*
*se hvor de lengter uten rett å ville.*
*Lær du dem da på bønnens vinger stige*
*opp til ditt rike, opp til ditt rike.*

*Vis dem deg selv, så unge øyne stråler!*
*Gi dem din kraft som bærer og som tåler!*
*Salv dem med Ånd og gi dem seirens gave*
*over det lave- over det lave!*

*Tekst: Olfert Richard, 1903*
*Melodi: Holm W. Holmsen, 1969*





Katrine Imerslund

## Når en melodi blir en bønn

Det jeg husker best fra min tid i søndagsskolen er, salmen Ungdommens frelser. Minnet om den er større enn flanellografer, små romantiske Jesusbilder og klistremerker med stjerner og fisker i oppmøteboken. Jeg husker ingen mennesker fra den tiden, bare omrisset av søndagsskolelæreren som lærte meg sangen. Jeg tror hun var en eldre dame med permanent. Jeg ser konturene av krøllene hennes for meg, liksom omsvøpet av lyden og den indre følelsen det var å synge den melodien. Jeg likte følelsen. Jeg husker det gjorde meg godt å synge akkurat den melodien, for det var melodien som var viktig, ikke ordene. Ordene var mer som et akkompagnement. De ble bare tydelig for meg i bruddstykker; «er de dog dine, er de dog dine» og «og når du hører sjelens sukk, det stille».

Melodien har dukket opp i meg videre i livet. Ikke som en sang jeg har sunget ved store anledninger, men heller som noe stille, et refreng som har svingt seg gjennom mitt indre når jeg har trengt det.
Jeg tror bare jeg har sunget salmen høyt for andre én gang som voksen. Det var i 1991, da søsteren min og jeg dro til Sør-Frankrike sammen med noen Steinerskolefolk for å besøke viktige steder for Katarene og utryddelsen av dem på 12-1300-tallet. Der besøkte vi noen dryppsteinshuler. Innerst i grotteanlegget ble vi bedt om å slukke lyset. Det ble stummende mørkt og intenst stille. En gammel lærer, som var med på turen, ba meg synge, og jeg valgte Ungdommens frelser. Jeg sang, og igjen kom den, denne veldig gode følelsen som jeg nå registrerte som en opplevelse av ro og at mitt indre svulmet utover meg selv.

Etter denne hendelsen har sangen trukket seg tilbake til et stille liv i mitt indre. Den har plutselig dukket opp for å synge seg gjennom meg, før den har forsvunnet igjen. Den har blitt en musikalsk bønn, en tanke som formuleres gjennom melodiens bevegelser og fører min psyke og mine følelser nærmere en indre fred og en kjærligere forsoning.

*Katrine Imerslund*



Gi til NMS – få skattefradrag!
Det Norske Misjonsselskap
BROBYGGER I ORD OG HANDLING
Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no

Vil du gi en gave til Normisjon?
Kontonr: 1503.02.13537
Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.
www.normisjon.no



*Foto framside: Neslesommerfugl. Foto: Tore Randulff Nielsen*

**Helgedagen** Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.
Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Arnfinn Vigrestad, Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard. Layout: Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard.
Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.
Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@lyse.net innan 28. august.
Neste nr. kjem ut ca. 17. september 2014.

# Mangosyltetøy på Lyefjell



*Heile familien Salmelid! Frå venstre: Renate, Kamilla, mor Margunn, Joakim, Tomas og far Geir Tore*

**Helgedagen fekk møta denne flotte gjengen ei kveldsstund i mars. Dei har nå vore i Noreg snart eitt år etter tre år i Kenya. Før det var dei heile 10 år i Tanzania for Norsk Luthersk Misjonssamband, NLM**

I Helgedagen nr 3 i 2010 kunne me lesa at dei var klare for sin tredje misjonærperiode. Borna, Kamilla og Tomas, var då 13 ½ og11 ½, og tvillingane Joakim og Renate 9 ½. Foreldra var spente på korleis borna nå ville oppleva misjonærlivet, og korleis dei som familie ville få det saman. Kanskje det var lettare då borna var yngre? Og ikkje minst: Dei skulle ikkje vera i Tanzania som før, men i nabolandet Kenya. Dette var noko av bakgrunnen for å møta misjonærfamilien på Lyefjell.
Mor i familien, Margunn, vaks opp i Time. Geir Tore Salmelid er andre generasjons misjonær, fødd i Etiopia. Eldstedottera, Kamilla, var berre tre månader då dei reiste til Tanzania første gongen i 1996. Tomas er fødd i Kenya, og tvillingane kom til verda i Noreg mellom dei to misjonærperiodane i Tanzania. Alle i familien har altså lang fartstid i Afrika.

### Korleis vart så opphaldet i Kenya – og korleis vart det å komma tilbake og finna seg til rettes i Noreg att?



*Gudsteneste i Tanzania*

Denne gongen vart det ein stor kontrast frå livet på landsbygda i Tanzania der dei hadde vore før, til storbyen Nairobi i Kenya. Far, Geir Tore, pendla mellom Nairobi og Pokot, nord-vest i Kenya – 2 veker med kursverksemd der, ved Kapenguria bibelsenter - og ei veke heime hos familien i Nairobi. Mor, Margunn, underviste på den norske skulen i Nairobi.

**Kamilla,** eldstedottera, gjekk på West Nairobi School, der ho fekk utfordringar i det amerikanske skulesystemet. Der kravdest det meir arbeid – og lekser i helgane òg! Kamilla gjekk 3 av 4 år på High school, og ville gjerne hatt med seg det siste året. Ho gjekk glipp av alt det kjekke som avslutningsåret brukte å innehalda, og ho saknar venene sine! Nå går ho på Kongshaug musikkgymnas, og har det godt der òg.



*Joakim på Bundafjellet i Mara, Tanzania*

**Tomas** gjekk også på West Nairobi School. Der fekk han og Kamilla både afrikanske og internasjonale vener som dei "skypar" eller "chattar" med. Tomas fekk spela fotball kvar dag. Skulen sitt lag trena kvar ettermiddag, og klubben trena kvar helg. I tillegg var det fellesfotball for store og små på tomta to gonger i veka. Heilt topp for ein fotballglad gut! Han går nå i 10.klasse på Tryggheim og trivst der.

**Renate og Joakim** gjekk på den norske skulen i Nairobi. Der var dei kjende frå før, for då dei var i Tanzania, hadde dei 4 periodar kvart år på denne skulen. Dei har det nå greitt som 8. klassingar på Lye ungdomsskule.

*

Kor er så heime for familien? Dei sa at dei kom heim att til Aust-Afrika då dei drog ut att i 2010. Når dei er ute, er det heime, og når dei er i Noreg, er det heime. Dei kjenner seg heime begge stader.

Misjonærborn er oftast to-eller fleirspråklege. Slik er det også for Salmelid-borna: swahili er hovudspråket i Tanzania, engelsk i Kenya, og i tillegg kjem stammespråk dei òg får kjennskap til.
"Third culture kid" (TCK) er eit omgrep som blir nytta om born som har vakse opp i ein kultur utanfor heimlandet sin kultur i ein betydeleg del av oppveksten. Dei tre kulturane er då foreldra sin kultur, kulturen i landet dei vaks opp i – og den tredje er ei samansmelting av desse kulturane. Dei får ein global dimensjon i livet som dei ber med seg vidare.

**Margunn** har dette året jobba heime. **Geir Tore** har vore i administrasjonsleiar i NLM ung. Dei kunne nok begge gjerne ønskt å vera lenger i Aust-Afrika og er opne for nye utfordringar seinare. I Noreg er det eit jag, etter klokka og kalenderen, og ein må "hengja i stroppen" for å følgja med. Dei likte betre den afrikanske måten å leva på. Der kjem tida, og folk har tid for kvarandre. Byen er bra, men bushen er best! seier Margunn. Dei saknar arbeidet i Afrika, medarbeidarar og vener. Å vera misjonær er eit livskall!

### Kor kjem så mangosyltetøyet inn?

Jo, Helgedagen sin utsending fekk smaka ekte afrikansk mangosyltetøy – på Lyefjell! Herleg smak, og ei fin avslutning på ein interessant samtale med heile familien Salmelid!

*LHH*




*We did it!! Mt.Kenya Margunn og Kamilla på Point Lenana 4985 moh*



*Renate - Kjekt å treffe nokon ungar på gudstjeneste*



*Renate - Skulestart 5. klasse på den norske skulen i Nairobi (NCS)*



*Tomas - West Nairobi School, sitt skulelag i turnering på Kinjabe*

# Santalklubben i 30 år



Bilete frå 1984/85: Reidun Gudmestad (ein av initiativtakarane til klubben)

*Framme frå venstre:*
*Kari Hana, Hilde Hana Gulliksen, Ann Kristin Amdal, Grete Tengsareid Søvik, Ellen Grastveit, Silje Mossige, Eva Øgaard Helgesen, Anne Helgeland Haldorsen, Oddny Underhaug, Therese Lunde Lyngdal, Kari Undheim, Ingrid Underhaug*

*Bak frå venstre:*
*Kari Haukås Lunde, Ane Undheim, Elin Underhaug Kanu, Elin Garpestad, Janne Rommetveit, Bjørg Hana, Gro Merete Uglem Søreng, Grete Braut Tjåland, Grete Kvalvik*



**Før påske var det siste møtet for Santalklubben i Rektor Sælandsveg 21, jenteklubben som starta 2. februar 1984. Første møte var hos Solfrid Ree. Etter eitt år på vandring heime hos leiarane, fekk klubben fast møteplass.**

Det set spor å bla gjennom bileta frå desse åra og få leva seg inn i lagånda og gleda gjennnom dette arbeidet både for barn og vaksne. Semesterprogramma er presist nedteikna både for vår og haust : Bibel, Maliblokk, Indiablokka, Bangladeshblokk, Paulus og Skrefsrud, misjonssongar, mat, kos og arbeid til basaren. Dette har vore store tema gjennom alle desse åra. At to av leiarane har vore med frå start til slutt, Solfrid Ree og Oddny Underhaug, er ganske oppsiktsvekkjande.

*Toving i vaskeromet, Ingrid Time, Ingvild Thu, Torbjørg Undheim, May Kristin Enevoldsen*

*Chiaki Kawasaki*



### Sitat frå ein årsrapport

" Me er sers opptekne av å læra jentene at det er folk i verda som treng vår hjelp, at det er born i andre land som ikkje har det så godt som oss, som ikkje har høyrt om Jesus og som ikkje har tilgang til Bibelen på sitt språk.
Me som er leiarar ser det som svært viktig at den kristne kulturarven vert ført vidare.
Me vil og vera vaksne personar som har tid å vera saman med born. Ved også å gjera ting saman får me naturleg tid til samtale og kontakt. Her er "alderskilnad inga hindring."
På gudstenesta i Bryne kyrkje 15. juni vert det ei markering i høve Santalklubben sitt arbeid gjennom 30 års arbeid. Då får me besøk frå Normisjon. Alle leiarar og tidlegare medlemmer i klubben er spesielt inviterte!

### Dei gode minna mange år seinare – jentene mimrar.

### Ragnhild Thu Austnaberg:

Eg hugsar best det årlege, nydelege veggteppet som me laga til den store basaren. Det var litt stress å klippa til alle druene som skulle på teppet. Elles står dei heimelaga sketsjane me drog når me hadde underhaldning, fram som eit høgdepunkt.

### Silje Aarbakke Nordmark:

Eg hugsar definitivt tovinga. Ein heil gjeng var spreidde rundt i kjellaren med kar/isboksar med grønnsåpevatn. Me var reine på hendene dei kveldane! Og så var det baking av lussekattar. Eg meiner å hugsa at nokon hadde mjølkrig.
Elles var det dugnader til basarar og dramatiske framsyningar av historia om Skrefsrud og kallet han fekk om å nå ut til heidningane.

### Trude Skodje:

Eg har mange gode minne frå tida i Santalklubben. Heile venninnegjengen min gjekk der. Eg likte godt å sy, hekle og strikke, og det var sosialt og kjekt å sitje saman så mange jenter. Alle tinga me laga, vart lodda ut på basaren vår kvar haust. Eg hugsar godt dei store veggbileta me laga. Det eine var eit stort Bibelbilete med bl.a. sauer, fiskar og kornaks. Her arbeidde me mange i lag, og det tok lang tid. Alt var i filt, og små og større bitar skulle klyppast til og limast på. Det vart utruleg fint, og me var alltid litt misunnelege på dei som vann dette på basaren, i alle fall var eg det. Eg likte godt det sosiale, men eg lærte ganske mykje handarbeid i løpet av åra mine i Santalklubben. Dei vaksne; Solfrid Ree, Kari Hana og Grete Kvalvik kunne det meste og var tolmodige og flinke til å læra frå seg.
Av og til hadde me besøk av misjonærar frå fjerne og framande land. Nokre av landa hadde eg aldri høyrt om før, slik som Mali og Kamerun. Då fortalde dei om kvardagen sin langt vekke frå Noreg, viste bilete klede og anna utstyr som me fekk sjå og prøva. Det var spanande og eksotisk og er ting som eg minnest godt.
Etterkvart som me blei eldre fekk me fleire utfordringar og fekk laga puter, strikke lappetepper og hekle gryteklutar med flotte border på.

### Ingrid Underhaug:

Har mange minne frå tida i Santalklubben, men det som står igjen som det viktigaste for meg, var at tida og opplevingane her var mitt første møte med misjon. Vi hadde mykje gøy og sosialt saman og



*Katrine Aarbakke og Synnøve Solli*



*Solfrid Ree og Ester Hatle*



*Amalie Kristiansen Aske og Reidunn Sangolt*

*Fortsetter*

*Fortsetter*

fekk ei oppleving av å vera viktige og å vera med på noko som var større enn oss sjølve. Santalklubben var heilt klart med på å vekkja misjonsengasjementet i mitt liv. Takk!

**Marte Skodje:**
--- det jeg umiddelbart tenker når jeg hører Santalklubben, er håndarbeid, Bangladesh, filtfigurer og at Silvia strikka en hel(!) genser og ga den som et bidrag til basaren på Saron. Imponert! Ellers er det rød saft og HØYLYTT drøs. Erindrer vi hadde besøk av misjonærer også. ---- 30 år med klubb er verdt feiring.

**Ingvild Thu Kro:**
Åh, det er jo et halvt liv siden! Det jeg forbinder mest med Santalklubben er verdenskartet i kjellerstua hos Oddny og Njål. Sikkert med oversikt over misjonsarbeid?! Ellers tenker jeg på karing av ull og toving på det lille badet innerst i kjellerstua. Det var jammen tider! Imponerende av lederne - et halvt liv med innsats for misjon og barn!

**Silvia Økland Greff:**
Så fantastisk! Masse gode minner fra den tiden! Husker spesielt godt tovingen inne på badet og basarene. Helt rett Marte: bidro med en fanekofte, og jeg husker spesielt godt at jeg tegnet Jesus med rødt hår til latter for de andre. Da var Oddny god til å trøste og enig med meg i at rødt hår passer Jesus godt. Masse gode minner!

**Torbjørg Undheim Johannessen:**
Eg hugsar godt bibelteppet som me alltid laga før basaren.



*Bibelteppet som mange minnest*

**May Kristin Enevoldsen:**
Oj! Mange gode minner fra tirsdagene i gamle dager! Lurer på hvor mange som har vært innom Santalklubben i disse 30 åra... Imponerende! Husker og godt den genseren Silvia strikket, og at jeg var helt sikker på at strikke-maskinen Liv Brit hadde hjulpet MYE. Lukt av sau i toving,! Kan det stemme at vi prøvde oss på den alltid like mo-teriktige batikkunsten? Husker det var veldig kjekt, spesielt basarene!

**Solveig Oma:**
Tirsdagsmøte med Santalklubben i kjelleren til Underhaug var alltid noe jeg så frem til. Jeg husker enda hvordan vi tova sokker og epler som senere ble loddet ut på den store lotteri-kvelden sammen med foreldre og søsken. Vi feiret Santa Lucia og lagde skuespill. Vi lærte om spedalske, at de var utstøtt av lokal sam-funnet, men omfavnet av kirken og Gud. Mange inntrykk sitter igjen fra disse tirsdagskveldene, inntrykk og minner jeg aldri ville vært foruten.



*Reidun Jane Heskestad, Solveig Hagen og Anne Turid Ree*



*På basar. Frå v Hanne Heskestad, Tone Underhaug og Linn Åse Enevoldsen*

**Grete Tengsareid Søvik:**
I Santalklubben fikk jeg venner fra Rosseland skule. Det var kjekt å få utvidet horisonten. Mange jeg ble kjent med der, går jeg i forening med i dag. Vi lærte om Ecuador, Paulus og Peter. Og jeg lærte å sy korssting og diamantsting... Til avslutning sang vi Nå lukker solen sitt øye. Den synger jeg for barna mine i dag. Takk for alt det fine jeg fikk med meg videre i livet fra klub-ben i Rektor Sælands veg 21.

**Elin U Kanu:**
På Santalklubben laga me handarbeid, åt, drøste, førte loggbok, lærte om misjon og hadde det kjempejillt. Eg føler meg heldig som fekk vera med.

*

Santalklubben er minne, historie og ballast les me her. Mykje lever vidare. Her er utfordringa jentene har fått med seg frå Santalklubben:

*Han gav oss en befaling, Gå derfor ut*
*Jeg vil være med deg helt til livets slutt*
*Fortell om det du vet at Gud han er kjærlighet*
*Han passer på*
*der hvor vi skal gå.*

(Frå misjonsbarnemusikalen "på Tigerjakt" som vart oppført ved 10 årsju-biléet.)

*emb*

*Fortsetter*

## Santalklubbjenter snakka til statsrådane



*Ragnhild Thu Austnaberg, Maria Johannessen, Kristine M. Stensland.* *Foto: Jærbladet*

**Då eg var 11 år, fekk eg ein klem av barne- og fami-lieminister Valgerd Svarstad Haugland.**

I regjeringskvartalet knipsa eg bilete av fem statsrådar, og eg prøvde stolane i Lagtingssalen på Stortinget. Eg var på Barnehøyring -98, og det var eg fordi eg gjekk i Santalklubben.

På programmet for barnehøyringa står det at dette var tre av dei mest vesentlege dagane i historia til barnerettane. Høyringa vart arrangert av Landsrådet for norske barne- og ungdomsorganisasjonar. Målet var mellom anna at dei inviterte barna skulle gje innspel til regjeringa om situasjonen til barn i Noreg sett opp mot rettane i Barnekonvensjonen. 60 barn deltok på høyringa.

Sju landsomfattande organisasjonar stod i spissen for høyringa, og mellom dei var Den norske Santalmisjonen. Dette var grunnen til at tre jenter frå Santalklubben på Bryne var så heldige å få delta. I tillegg til underteikna var Maria Johannessen og Ragnhild Thu Austnaberg med på turen. Oddny Underhaug og Reidun Jane Heskestad var med som vaksenleiarar.

Under Barnehøyringa fekk me stilla spørsmål til statsrådane i ei of-fentleg høyring. Ifølgje LNU var det aldri gjennomført ei slik høyring i Noreg før.
Barna vart delte inn i grupper, og me i Brynedelegasjonen hamna i gruppa som skulle jobba med emne som høyrde til Kulturdepar-tementet. Om eg ikkje hugsar feil, enda arbeidet vårt opp i eit dramastykke der nokre av skodespelarane drakk seg fulle på vatn i brusflasker. Truleg var poenget vårt at dersom samfunnet ikkje legg til rette for stader der ungdommane kan vera på fritida, tyr dei til alkohol i staden.

Sidan eg aldri har vore ein stor skodespelar, fekk eg æra av å lesa opp bodskapen vår i mikrofon. Eg hugsar at Oddny sa til meg etterpå at det nok var lenge sidan nokon hadde snakka jærsk frå scena på Folkets hus. Høgtidsstunda vart diverre øydelagd av at eg mista øyre-dobben i all ståheien.

Høyringa resulterte i ei Barnehøyringsbok. Boka vart lagt ved som vedlegg til Forumet for barnekonvensjon sin tilleggskommentar til FN om korleis barnekonvensjonen vert følgd opp i Noreg.

*Kristine M. Stensland*







Israelske, palestinske og norske ungdommer – Sammen i Bryne kirke.

# Møt Brobyggerne!

## Søndag 17.aug kl.18

Sterke vitnesbyrd, lovsang og forkynnelse.
Fri entré, enkel bevertning og offer til BridgeBuilders.
Hjertelig velkommen til unge og gamle!

Se mer info på www.brynekyrkja.no | Arr. BridgeBuilders og Brynekyrkja

Bryne Kyrkja

# For at verden skal tro…



*Israelere og palestinere forsones. David og Raed møttes og ble gode venner gjennom BridgeBuilders*

En dyp sorg har slått meg flere ganger når jeg har besøkt gravkirken i Jerusalem. På det fysiske stedet der Kristi kors en gang stod, på stedet der forsoningen med stor F fant sted, råder det i dag splittelse. Ikke bare er land og nasjoner omkring i konflikt, men også de kristne strides. En guide forklarte meg om de ulike konfesjonene som er uenige om hvordan dette hellige stedet skal holdes. Hun avsluttet med å si: **"I don't think Jesus would like this."**



*Takkuppelen i Gravkirken i Jerusalem*

**Brynekyrkja har i flere år støttet Den Norske Israelmisjon gjennom ulike misjonsprosjekt. Et av Israelsmisjonen sine nyere prosjekt er forsoningsarbeid gjennom BridgeBuilders (Brobyggerne) – Her skapes et unikt møtepunkt for unge israelere og palestinere. Sammen med en gruppe norske ungdommer møtes deltakerne først i Norge og senere til oppfølging i Midtøsten**

I Jesu yppersteprestlige bønn (Joh.17) er enheten blant de troende et av Jesu fremste anliggender. Helt fra urkirkens tid har det vært viktig å ta hensyn til at Kirken består både av jøder og ikke-jøder. Kristi legemes enhet har stått overfor mange utfordringer gjennom tidene.

Intensjonen med BridgeBuilders har aldri vært å glatte over uenigheter og overse verdens ubarmhjertige realiteter. Fellesskapet som deltakerne har søkt og erfart, har ikke begrenset seg til en overfladisk happening der vi har holdt hverandres hender og sunget "We are the world". Nei, det har vært noe dypere. Noe som har ført dem like til kjernen i vår tro og til evangeliets grunnvoll. Broen har en annen bygget for oss.

Ved Jesu død på korset skjedde forsoningen. Ved Jesu offerdød ble de relasjoner som brast i syndefallet, leget. Det er noe objektivt som allerede har skjedd. Den nye pakt i Lammets blod er selve grunnlaget for de helliges samfunn. Vår identitet i Kristus stikker dypere enn vår nasjonalitet. Vi tilhører hverandre som søsken. "For han er vår fred, han som gjorde de to til ett og rev ned den muren som skilte, fiendskapet". (Ef. 2.14)

Å fremme forsoning med utgangspunkt i et av verdens sterkeste motsetningsforhold forutsetter en viss porsjon ydmykhet. Ved å fremme Kristi legemes synlige enhet i Midtøsten, beveger vi oss inn i et spennende landskap. I en hverdag som bærer preg av håpløshet, vitner vi om håp. Der mørke og motløshet rår, demonstrerer vi verdens lys og Guds fred, og der isolasjon og avstand er blitt normalen, forener Kristus israelere og palestinere.

Arbeid for Kristi legemes synlige enhet er et felles anliggende for alle som tror. Det er samtidig Guds vilje, som det er et sterkt vitnesbyrd om evangeliets kraft og en åpenbaring av Guds herlighet. Slik er BridgeBuilders både et bønnesvar og en misjonshandling: "Må de alle være ett, slik du, Far, er i meg og jeg i deg. Slik skal også de være i oss, for at verden skal tro at du har sendt meg." (Joh. 17:21)

I sommer går en ny runde med BridgeBuilders av stabelen. Brynekyrkja er søndag 17.august kl.18 vertskap for arrangementet «Møt Brobyggerne!» (se egen annonse). Her kan du møte alle deltakerne i prosjektet etter en uke sammen på forsoningsleir. La deg inspirere av unge mennesker som velger fredens vei i Midtøsten-konflikten! Velkommen!

*Johannes Kleppe*

# BRYNE - EIN BY I EIN PARK



Odd Vaaland si utsegn: «Bryne – ein by i ein park» har festa seg i folks medvit – og vert brukt av stadig fleire. Han har på ulik vis vore med å prega utviklinga i Brynebyen og lagt grobotn for at me har denne perla i sentrum!





Det er vår i lufta – sola kikkar fram og kastar sine livgjevande stråler ned på Helgedagens utsende som sit på ein benk i Fritz Røed-parken. Sjølv om det enno er tidleg i mai, ser ein omrisset av den blomeprakt som snart skal pryda området. Vatnet renn roleg forbi, frå eit etterkvart reint Frøylandsvatn. Eg er omkransa av frodig trevekst og følgjer fuglane med augo i deira vårlege og yre aktivitet. Ned mot Bryne Mølle forsvinn vatnet i Møllefossen. På sletta nedanfor finn ein det gamle kvernhuset som står og minner oss om tida som var….

For det har ikkje alltid vore like idyllisk. I midten av 60 åra var Bryneåno, Mølledammen og Møllefossen stinkande vatn med kloakk og avfall av ymse slag og ved fossen restar av karbidanlegg frå krigens dagar. Kommunen la planar for ny veg inn til Bryne, og då skulle halve fossen og delar av dammen ofrast.





Nils Underhaug, Arvid Øglend og Odd Vaaland tok opp kampen for å ta vare på området for framtida. Som den aktive leiaren Odd Vaaland var for denne gjengen, er det nok mykje han å takka for at me i dag har denne grøne lunga midt i byen.
Odd Vaaland var og initiativtakar til bygget Møllehagen – midt i Dammen. Her stod han saman med gode medhjelparar – bokstaveleg i stein- og grushaugar og bygde opp eit unikt bygg på Bryne.

Eg hugsar enno kor imponert eg var, første gongen eg var i bygget. Høgda, lufta, romsligheten og alle plantene gjorde eit umåteleg inntrykk. Ikkje minst dei tre flotte Fritz Røedfigurane som Odd Vaaland hadde kjøpt inn og plassert i og rundt bygget! Tenk å hatt dette inntakt! Huset står der enno – men no med eit anna innhald!

Odd Vaaland si utsegn: «Bryne – ein by i ein park» har festa seg i folks medvit – og vert brukt av stadig fleire. Han har på ulik vis vore med å prega utviklinga i Brynebyen og lagt grobotn for at me har denne perla i sentrum!

*Tekst: AV*

*Foto: KAA*









# Boda i Helgedagen



**Kringkastingsrådet handsama i i februar i år ei sak om aukande banning i NRK. Rådet var samde om at dette var ei negativ utvikling og ba statskanalen om å utarbeida klarare etiske retningslinjer for medabeidarane når det gjeld språkbruk.**

Sjølv om det ikkje var det andre bodet fleirtalet i rådet viste til, så kan ein likevel sjå saka som eit døme på at bodet er aktuelt.

Når me reflekterer over boda, er det kanskje lurt å snu tankegangen bort fra at "Gud vil pålegge oss byrder som vil avgrensa fridomen vår" til "Guds vilje er god og vil det beste for menneska". Eg las nyleg denne positive oppsummeringa av det andre bodet: " Du skal bruka din Guds ord rett og med ærefrykt. Det gjer du når du i hans namn innestår for rett imot urett, for liv imot død, for din neste sin fridom og verdighet imot at han kan bli undertrykt og lite akta" (Dieter Emeis).

*RT*

## VÅR MUNN OG VÅRE ORD

Det andre bodet lyder: **Du skal ikkje misbruka Guds namn.**
Luther si forklaring: **Vi skal ottast og elska Gud, så vi ikkje brukar namnet hans til å banna, sverja, driva trolldom, lyga eller svika, men kallar på det i all naud, bed, lovar og takkar.**



*Jens Olav Mæland*

Det andre bodet rettar seg mot vår munn og våre ord. Gud forbyr oss å misbruka hans, Herrens, namn, for det er heilagt (2 Mos 20,7; 3 Mos 19,12). Den som misbrukar Guds namn, krenkjer Gud sjølv. Å misbruka Guds namn er å ta ære frå Gud sjølv, det er majestetskrenking. Den som gjer det, er ikkje uskuldig, men må svara for sine ord på den store doms-dagen.

**Namnet og personen er eitt**
I Bibelen er det slik at namnet og personen er eitt. Herren Gud er heilag, difor er namnet hans heilagt. Å bruka Guds namn til banning, spott eller hånsleg tale, er å vanvørda Gud sjølv. Våre ord utviser anten respekt og løfter andre opp, eller dei tar ære og den vørnad dei tilkjem frå dei. Gjennom vår munn gir me anten Gud den vørnad og ære han tilkjem, eller så vanærar me han.

**Kva vil det seia å misbruka Guds namn?**
Katekisma gir enkle svar som det er full dekning for i Bibelen:
**Banning;** det vil seia å bruka Guds namn i utrengsmål, lettsindig eller som eit kraft-uttrykk. Ein brukar Gud for sine eigne påfunn, for å stadfesta eins eigne tomme ord. Utidig og lettferdig bruk av Guds namn ligg på same linja.
**Å sverja** er å påkalle Gud som vitne når ein er under anklage. Å bruka Guds namn for å gjera løgn til sanning i ein slik situ-



**Det andre bodet lyder: Du skal ikkje misbruka Guds namn.**

**Luther si forklaring: Vi skal ottast og elska Gud, så vi ikkje brukar namnet hans til å banna, sverja, driva trolldom, lyga eller svika, men kallar på det i all naud, bed, lovar og takkar.**

asjon, er kvalifisert misbruk av hans namn. Difor fins det mange åtvaringar mot å sverja.
I kyrkja har ein likevel gjeve grønt lys for å avleggje eid i ein rettergang. Det betyr at ein kan ta Gud til vitne på at ein talar sant når situasjonen krev det, eller når det kan fremja det gode. Men all falsk eidsavlegging er misbuk av Guds namn.

**Trolldomskunster** er å bruka Guds namn for å manipulere, forvrengja røyndomen. I dag florerer dette i spiritisme-seanser og magi-kult. Ein påkallar dei døde og søkjer inn i den okkulte verda for å manipulere menneskets liv og lagnad.

Også i den kristne forsamlinga kan ein koma i skade for å misbruka Guds namn.
Talen om Gud kan bli platt og vektlaus. Det som skulle vera sann og ekte Guds-tale kan bli prat og snakk som devaluerer Gud som Den heilage og opphøgde. Gud er *mysterium tremendum et fascinosum* (eit mysterium som både rystar oss og dreg på oss), difor skal me nærma oss han med heilag vørnad.

**Kva er så den rette bruk av Guds namn?**
Katekisma nemner fleire måtar det kan skje på:
***Å kalla på Herrens namn når ein er i naud.***
Det fins mange eksempel på menneske i Bibelen som ropar ut si naud i Guds namn. Klagesalmane er eksempel på det (jfr. Salme 22). Dei er fortvila, djupt fornedra og hjelpelause. Gud høyrer alle bøner som kjem til han frå slike som ikkje veit nokon annan utveg enn Gud og hans namn. Over heile jorda fins det slike, også utafor den nominelle kristne kyrkja. I dødsangst, under tortur, i krig og katastrofer, mellom flyktningar og undertrykte. ***'Bedebønn'.*** Det er bøn som kjem frå vår munn når me søkjer Guds veg og vilje med livet. Det kan vera situasjonar der ein er uroleg for seg og sine, eller der ein tryglar Gud om svar i ein vanskeleg livs-situasjon, om at stengte dører må opna seg, og at det må finnast veg der ein berre ser sperringar.

***Takk og lovprising.*** Me skuldar å seia Gud takk for hans velgjerningar mot oss! Det er aldri så mørkt at det ikkje fins eit lyspunkt. Difor er ein rett bruk av Guds namn å seia Den allmektige og opphøgde Herren Gud vår takk for hans godhet. Lovprising skjer når ein kjenner seg overvelda av Herrens nåde. Det er gjensvaret på hans oppreising frå synd og skam. Lovprising er hengjeving til Den allmektige, Den nådige og underfulle. Det er dette gjensvaret Gud ser etter – og som er oppfyllinga av det andre bodet.

***Oppsummering:***
*• Herren, vår Guds namn er herleg over heile jorda (Sal 8,2).*
*• Det andre bodet byr oss å æra Gud ved å æra hans heilage namn.*
*• Det andre bodet forbyr oss å misbruka Guds namn både på det personlege og det offentlege plan.*
*• Som jorda og kloden må vernast mot forsøpling, treng også vår tale og ordbruk reinsast for bannskap og rått snakk.*

Jens Olav Mæland
*Foto: KAA*

# Sommar i kyrkjene i Jæren prosti 2014

Gjesdal kyrkjekontor tlf. 51 61 13 30 • Klepp kyrkjekontor tlf. 51 78 95 55
Time kyrkjekontor tlf. 51 77 03 77 • Hå kyrkjekontor tlf. 51 43 62 10


Time kyrkje


Bryne kyrkje


Undheim kyrkje


Frøyland Orstad kyrkje


Klepp kyrkje


Bore kyrkje


Orre kyrkje


Brekko kapell

## *Velkommen til gudsteneste i kyrkjene våre!*

**Søndag 15. juni**
- Bryne kyrkje kl 11.00. Dåp. Stein Ødegård. Oddny Underhaug.
- Lye forsamlingshus kl 10.30. Ute ved Tjoatjørn. Nattverd. Gunnar Frøyland.
- Ogna, friluftsgudsteneste Åsane kl 11.00. Lars Sigurd Tjelle.
- Nærbø kyrkje kl 11.00. Dåp. Roald Byberg. Bjarte Lending.
- Varhaug kyrkje kl 11.00. Dåp. Gaute Øgreid Rasmussen. Morten Jostein Helvig.
- Oltedal kyrkje kl 11.00. Innsetjing av ny sokneprest. 50-års konfirmantar. Kjell Børge Tjemsland. Ragnhild E. Hoel.
- Ålgård kyrkje kl 11.00. Dåp. Oddbjørn Stangeland. Tonje Vilberg Bjerkreim. Sigmund Haaland.
- Bore kyrkje kl 11.00. Dåp. Leif Inge Norland Brekke.
- Klepp kyrkje kl 11.00. Dåp. Andreas Haarr.
- Frøyland og Orstad kyrkje kl 10.30. Nattverd. Morgan Fjelde.

**Søndag 22. juni**
- Time kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Gunnar Frøyland. Oddny Underhaug.
- Bryne kyrkje kl 11.00. Nattverd. Kjell Børge Tjemsland. Per Olav Egeland.
- Ogna kyrkje kl 11.00. Dåp. Lars Sigurd Tjelle. Geir Palle Haarr.
- Varhaug kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Gaute Øgreid Rasmussen. Morten Jostein Helvig.
- Nærbø kyrkje kl 11.00. Nattverd. Kåre Stølsnes. Bjarte Lending.
- Gjesdal ungdomsskule kl 11.00. Dåp. Tone Middelthon. Musikkteam.
- Klepp kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Andreas Haarr.

**Måndag 23. juni – Jonsokafta**
- Orre gamle kyrkje kl 19.00. Jarle Minnesjord.

**Tysdag 24. juni – Jonsok**
- Pilegrimsvandring. Start kl 18.00 frå 1000-årsplassen ved Obrestad hamn via Kristkrossen på Njærheim og tilbake til utgangspunktet via "Stille rom" i Obrestad fyr. Ta med mat og drikke.

**Søndag 29. juni**
- Time kyrkje kl 10.30. Dåp. Nattverd. Kjell Børge Tjemsland. Per Olav Egeland.
- Nærbø kyrkje kl 11.00. Dåp. Gaute Øgreid Rasmussen. Bjarte Lending.
- Varhaug kyrkje kl 11.00. Dåp. Lars Sigurd Tjelle. Geir Palle Haarr.
- Dirdal kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Bjarte Hetlebakke. Sigmund Haaland.
- Frøyland og Orstad kyrkje kl 10.30. Dåp. Morgan Fjelde.

**Søndag 6. juli**
- Undheim kyrkje kl 10.30. Dåp. Nattverd. Gunnar Frøyland. Per Olav Egeland.
- Ogna kyrkje kl 11.00. Nattverd. Gaute Øgreid Rasmussen. Morten Jostein Helvig.
- Varhaug kyrkje kl 11.00. Dåp. Lars Sigurd Tjelle. Bjarte Lending.
- Ålgård kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Bjarte Hetlebakke. Sigmund Haaland.
- Bore kyrkje kl 11.00. Dåp. Andreas Haarr.

**Søndag 13. juli**
- Bryne kyrkje kl 10.30. Dåp. Nattverd. Gunnar Frøyland. Per Olav Egeland.
- Gjesdal kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Bjarte Hetlebakke. Sigmund Haaland.
- Varhaug kyrkje kl 09.30. Nattverd. Gaute Øgreid Rasmussen. Bjarte Lending.
- Nærbø kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Gaute Øgreid Rasmussen. Bjarte Lending.
- Orre kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Andreas Haarr.

**Søndag 20. juli**
- Time kyrkje kl 10.30. Dåp. Nattverd. Stein Ødegård. Oddny Underhaug.
- Varhaug kyrkje kl 11.00. Dåp. Gaute Øgreid Rasmussen. Geir Palle Haarr.
- Klepp kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Åsmund Steinnes.

**Søndag 27. juli**
- Bryne kyrkje kl 10.30. Dåp. Nattverd. Stein Ødegård. Oddny Underhaug.
- Nærbø kyrkje kl 09.30. Dåp. Roald Byberg. Morten Jostein Helvig.
- Ogna kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Roald Byberg. Morten Jostein Helvig.
- Ålgård kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Bjarte Hetlebakke. Ragnhild E. Hoel.
- Bore kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Åsmund Steinnes.

